



IHM info



Indre Hordaland Miljøverk Informerer - April 2004

Hytte og fritid

Hyttefolk vil kjeldesortere!

Mjølfjell er eit av dei største hytteområda i regionen vår. Eit område som er like populært sommar som vinter. Den store aktiviteten fører mellom anna til trong for gode avfallsordningar. IHM har dei seinare åra arbeidd for at også turister og hyttefolk skal kunne kjeldesortere. Nett no samarbeider vi mellom anna med Mjølfjell Servicesenter A/S om å få på plass ein miljøstasjon i tilknytning til servicesenteret.



Magnus kosar seg i snøen på Mjølfjell.

Foto: Jon Aske

Ein tidleg morgon etter ei travel vinterferieuke tek vi turen innom det nye Servicesenteret. Mellom hyllene i butikken finn vi ei smilande blid Anita Bøe. Over ein kaffekopp fortel ho at ho og dei andre som arbeider der er opptekne av å gje kundane topp service! For dagens kundar er det ikkje nok å kunne by på ferske brød og aviser. Nei - no vil kundane og ha varm kaffe, internett og miljøstasjon!!! Og det har dei langt på veg fått. Mange kjem innom for å sjekke e-posten sin, medan dei unge nyttar maskinene meir til surfing og spel. ... Og vonleg står den nye miljøstasjonen ferdig til

påske. Her vert det mogeleg å levere klart og farga glas, metallemballasje, papp, papir, mjølkekartongar, plastemballasje, bio-avfall og ee-avfall (elektrisk og elektronisk).

- Dette ser vi verkeleg fram til, seier Anita Bøe. Også folk vi møter i området gler seg til miljøstasjonen står klar!


Eigar av Mjølfjell Servicesenter, Borgny Bøe, framfor den nye miljøstasjonen på Mjølfjell som straks er klar til bruk!



Foto: Gunnar Bråten

Sorteringsordningane

Har du spørsmål om sorteringsordningane? Klikk deg inn på IHM sine heimesider på internett, klikk på LOOP-symbolet og du kjem inn på LOOP sin nasjonale avfallsvegvisar. Klikk deg inn på din kommune. IHM syter for at det ligg oppdatert informasjon om IHM-kommunane.



www.ihm.no

Hald orden!

Etter kraftige snøfall kan det vere vanskeleg å nå fram til avfallskonteinar eller bosbu. Hjelp oss å halde orden!



Adresse: Postboks 161, 5701 Voss
Kontor: Vangsgata 22B, 5700 Voss
Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01
E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no



**Indre Hordaland
Miljøverk**

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Administrasjon:

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar
Helen K. Sørbye, kontorleiar
Gunnar Bråten, driftsleiar
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Leiarer

Fritidsregionen

I dette nummeret av IHM-info prøver me å nå fram til dei mange som brukar mykje av ferie- og fritida si i vår region. Meir enn kvar femte brukar av IHM sine tenester er hytteeigar, og mange av dykk kjem me sjeldan i kontakt med. Einaste kontakten er kanskje renova-sjonsrekninga frå kommunen som kjem i posten eit par gonger årleg.

I hardanger- og vosseregionen aukar talet på fritidsbustader mykje meir enn talet på vanlege bustader, og nærings-utvikling basert på ei balansert utnytting av vår verdfulle natur er i vekst. Mange helsar ei slik utvikling velkommen, andre ønskjer ei meir forsiktig utvikling og meiner at naturområda må utnyttast med større varsemd.

For det er ikkje berre talet på fritidsbustader som aukar, dei vert også større og betre utstyrde. Me ser ein trend mot høgare bruksfrekvens både i helger og ferieperiodar, der fleire generasjonar er aktive brukarar. Vårt ansvar i IHM er uansett å leggje til rette for gode og konstruktive avfalls-løysingar slik at bruken av naturen ikkje fører til unødig slitasje eller for-søpling.

Me ser det difor som ei utfordring å leggje til rette for ordningar som er betre tilpassa den nye tida og som til-fredsstillar fleire behov. Frå å vere ei ordning der målet primært var å til-fredsstille hytteeigaren sitt behov for å verte kvitt avfallet, ønskjer me no også å tilby sorteringsordningar i større grad. Me er alt godt i gang med tilbod ved dei største hytteområda. Det ligg også ein økonomisk motivasjon bak dette, fordi styresmaktene sin avgifts-politikk premierar sorterte avfallstypar framfor blanda restavfall.

Og økonomisk vinst for IHM kjem i neste omgang brukaren til gode.

IHM har sett seg høge mål når det gjeld miljøvenleg avfalls-

handsaming og som hytteeigar vert du ein stadig viktigare del av vårt arbeids-område.

Kåre Flatlandsmo

kaare@ihm.no



Plassering av hyttekonteinarar

Hyttekonteinarane er plasserte på sentrale stader. For nærmiljøet har det mykje å seia at det ser reint og triveleg ut rundt dei. Det er viktig at hytteeigarane plasserer avfallet i konteinarane, og ikkje utanfor. Nokon set frå seg boret utanfor konteinarane, sjølv om dei ikkje er fulle. Då er det lett for nestemann som kjem å tru at konteinarane er full og halde fram med å plassere boret på utsida av konteinarane. På heimesidene våre www.ihm.no finn du ei oversikt over kvar alle hyttekonteinarane er plasserte.

Ta kontakt om noko er gale!

Kjem du til ein overfylt konteinar, ver venleg å ta kontakt med IHM. Vi arbeider for å halde det reint og ryddig rundt hyttekonteinarane, men dersom vi ikkje får melding om problema, kan det vere vanskeleg å få retta dei opp.



Skrekk-eksempel!

Foto: Gunnar Bråten



Illustrasjon: Solveig Anderssen, Ibox AS

Hyttekonteinarar er berre for hyttefolk!

Det er berre dei som betalar abonnement for fritidsbustad til IHM som har lov til å nytta hyttekonteinarane. Andre som brukar konteinarane, stel plass som hytte-abonnentane betalar for. Vi prøver heile tida å informera både fastbuande og verksemdar om dette. Skal vi forbetre oss, treng vi hjelp frå dykk. Dersom de observerer at hyttekonteinarane vert nytta av næringsdrivande eller andre som ikkje har lov, bed vi om at de kontaktar IHM og melder frå. Slik kan vi ta opp problemet direkte med dei det gjeld, og prøve å hindra at det gjentek seg. ellen@ihm.no

Stopp reklamen på hytta og!!!

Dersom du ønskjer å stoppe reklamen på hytta, ta kontakt med IHM for å få tilsendt klistremerke til å sette på postkassa.



Illustrasjon: Solveig Anderssen, Ibox AS

Dei sentrale miljøstasjonane i kommunen er til for hyttefolk og!

Har du avfall som er for stort til å få inn i hyttekonteinarane eller farleg avfall, må dette leverast til den sentrale miljøstasjonen i kommunen. Her kan du og levere elektrisk og elektronisk avfall, plast, glas, papp og papir, jernskrap, trevirke og hageavfall. Farleg avfall er til dømes lim, lakk, maling, olje, sprøytemidler og så vidare.

På dei sentrale miljøstasjonane sorterar du sjølv alt avfallet du har med deg. Dei fleste avfallstypene er gratis for private, men du må betale for mellom anna restavfall. Prisar for levering av avfall finn du på vår heimeside www.ihm.no.

Liste over miljøstasjoner og opningstider, sjå s. 4. ellen@ihm.no



Her ser du den nye miljøstasjonen i Jondal.

Foto: Gunnar Bråten



På stasjonane vert avfallet sortert!

«Hold Norge Rent» - nasjonal dugnad mot forsøpling

Til våren startar ein ny nasjonal dugnad mot forsøpling av gater, friluftsområde og natur. Slagordet vert «Hold Norge rent». Utdringa går til kvar einiskild av oss, så vel som verksemdar, kommunar, foreiningar og burettslag. Forsøpling kan alle gjere noko med!

Oppskrifta er enkel: For det første må ein la vere å kaste frå seg bos, for det andre må ein plukke opp det ein finn. Dette er ikkje så vanskeleg. - Likevel flyt det av papir, plast, glas og metall der folk ferdast.

Målet med å starta ein nasjonal kampanje er å gje støtte og drahjelp til alle dei som alt gjer ein innsats mot forsøpling. - Mange enkeltpersonar rydder systematisk der dei bur og arbeider. Mange tek del i ryddeaksjonar om våren, enten det er gjennom burettslag, velforeiningar eller idrettslag. Mange verksemdar, butikkar og offentlege etatar driv og systematisk rydding på egne eigedomar. Vår oppgåve vert å gjere jobben enklare og meir inspirerende, seier Dag Endal i «Hold Norge rent». For mange er det godt å vite at den innsatsen dei gjer, går inn i ein større heilskap.

Den einaste løysinga på lang sikt er at vi held opp med å kaste bos i naturen eller på gata. Bos skal dit det høyrer heime, nemleg i gjenvinningsbeholdarar, på miljøstasjonen eller i bosspannet. Eit aukande problem er at vi skal forbruke og ete så mykje medan vi er på farten. Då sviktar dei gode vanane vi har opparbeidd heime og på jobben. Slik ser det ut også! Sentrumsgater, badestrender, turistattraksjonar, skogar og innsjøar ber preg av at mange ikkje gidd å ta med seg avfallet til neraste behaldar.

Ta kontakt med IHM for informasjonsmateriell, aktivitetssopplegg for skular, premier o.s.b. ellen@ihm.no



Foto: Ellen T. Åstrup

Slik vil vi ikkje ha det i naturen vår!

Vegvesenet har i samarbeid med IHM fått istand fleire slike miljøstasjonar langs Rv 7 over Hardangervidda.



Foto: Gunnar Bråten

Avfallsmengder og gjenvinning - 2003

I 2003 har det vore deponert 7 164 tonn restavfall på Bjørkemoen. Av dette er litt under halvparten levert frå hushald og litt over halvparten frå næring. Gjennom Indre Hordaland Miljøverk sitt system er det levert 3 589 tonn avfall til gjenvinning. I tillegg er det en del verksemdar i IHM sitt område som leverer avfall til gjenvinning eller slutthandsaming gjennom ulike andre ordningar, utan at vi har tal for desse mengdene.

Avfall til deponi frå private har hatt ein svak auke frå 2002 til 2003. Auken dei fire siste åra utgjer drøye 16 kg per innbyggjar. Dette skuldast til dels auka forbruk, men og at fleire enn før nyttar seg av godkjente leveringsordningar for avfall.

Avfall levert til gjenvinning er om lag som før. For abonnentane vert papir, papp og drikkekartong samla inn som ein felles avfallstype og sendt til sortering. Plastemballasje frå hushald vert samla inn på same bil. I tillegg kan desse avfallstypene leverast direkte til dei sentrale miljøstasjonane / Bjørkemoen på same måte som andre typar sortert avfall.

I 2003 har IHM teke imot ca. 1 100 tonn papir, 127 tonn papp, 17 tonn drikkekartong, 96 tonn hushaldsplast, 32 tonn plastfolie, 72 tonn landbruksplast og 3



Bjørkemoen, IHM sitt deponiområde på Voss. Foto: Gunnar Bråten

tonn isopor. Om lag 220 tonn glas- og metallemballasje er sendt til gjenvinning i 2003, medan det er levert rundt 260 tonn metall/jernskrap og 260 tonn ee-avfall (elektrisk og elektronisk) av ulike typar.

Farleg avfall er m.a. lim, lakk, maling, beis, olje, og sprøytmiddel. PCB-haldige vindauge og CCA-impregnerert treverk vert og levert som farleg avfall. Saman med smittefarleg avfall utgjorde denne avfallstypen rundt 90 tonn, som vart vidare sendt frå IHM i 2003.

Det vart og levert 1061 tonn bioavfall til Bioplan sitt anlegg i Odda. Med utgangspunkt i 90 kg bioavfall per person, tok heimekompostørane i kommunane (30 %) hand om 578 tonn bioavfall i 2003. *helen@ihm.no*

Godkjende mottak for farleg avfall, sentrale miljøstasjonar i IHM sitt område. Adresser og opningstider:

Kommune	Sentral miljøstasjon	Opningstid	Miljøstasjonen	Teknisk etat
Eidjord	Simadalen	Torsdag kl. 12.00 - 18.00		tlf. 53 67 35 00
Granvin	Røystrand	Onsdag 12.00 - 17.45	tlf. 56 52 53 40	tlf. 56 52 40 30
Jondal	Pineskår	Torsdag 14.00 - 17.00		tlf. 53 66 95 20
Ullensvang	Husemoen v/Hardanger Gjenvinning AS	Torsdag 12.00 - 18.00	tlf. 53 66 34 85	tlf. 53 67 15 00
	Øyjordet	Torsdag 12.00 - 18.00	tlf. 53 66 18 58	tlf. 53 67 15 00
Ulvik	Gjelet	Torsdag 12.00 - 18.00		tlf. 56 52 70 00
Voss	Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Mån - ons og fre: 08.00 - 14.30 torsdag 08.00 - 18.00	tlf. 56 51 52 65	

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



VOSS
KOMMUNE